



RETNINGSLINJER FOR FASTSETJING AV STRAUMPRIS I BÅTHAMNA

Naustdal Båtlag betalar til ei kvar tid gjeldande marknadspris for straum i båthamna. Medlemmar i båtlaget som ønskjer å bruke straum i båthamna skal leige straummålar av båtlaget, unntak er tilfeldig og kortvarig når båteigar er til stades i båthamna.

Straummålar vert lest av på våren og forbrukt straum vert fakturert brukar.

I utgangspunktet skal ikkje båtlaget tene på utleige av straum i båthamna. Straumprisen kan variere frå kvartal til kvartal. Det meste av forbruket på straum er på vinterhalvåret, i samband med oppvarming til båtar mv.

Styret har fastsett følgjande retningslinjer for fastsetjing av straumpris i båthamna:

Styret fastset straumprisen 1. april kvart år. Til grunn for fastsetjing av straumprisen skal:

- Gjennomsnitt pris per kilowatt time for månadane 1. oktober (fjoråret) til 1. april (inneverande år) leggjast til grunn.
- For å kome fram til gjennomsnitt pris per kilowatt time skal faktura frå e-verket leggjast til grunn, eller pris skal innhentast frå e-verket.

Retningslinjene er fastsett 4. mars 2015.

Styret i Naustdal Båtlag

Egil Gulholm

-leiar-